



Saksframlegg

Arkivsak-dok. 22/15377-37
Saksbehandlar Silje Utne Bjørke

Utval	Møtedato
Fylkesutvalget	18.03.2025

Bykle kommune - Fråsegn med motsegn - 2.gongs høyring av områdereguleringsplan for Hegni

Fylkeskommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Pkt.1 Fylkesutvalet fremjar motsegn til «Andre idrettsanlegg - klatrepark som er i konflikt med eit automatisk freda kulturminne, jernvinneanlegg kulturminne-ID 99066». Motsegna kan løysast dersom arealføremålet blir endra til friområde.

Pkt.2 Fylkesutvalet ber kommunen om å nyttiggjere seg innspel i saksframstillinga.

Vedlegg

Planomtale
Plankart
Føresegner

Samandrag

Bykle kommune har sendt områdereguleringsplan for Hegni på ny høyring.

Ved førre høyring hadde fylkeskommunen motsegn til føreslått campingplass grunna konflikt med automatisk freda kulturminne, jernvinneanlegg kulturminne-ID 99066. Campingplassen er no flytta lengre sør. Føreslått campingplass er difor ikkje lenger i konflikt med jernvinneanlegget, og motsegna er ikkje lenger aktuelt.

I nytt planforslag er det føreslått ein klatrepark (Andre idrettsanlegg) der som campingplassen var plassert i førre høyring. Klatreparken er i konflikt med jernvinneanlegget. Fylkeskommunedirektøren føreslår difor motsegn til klatreparken.

Saksopplysningar

Bykle kommune har sendt områdereguleringsplan for Hegni på ny høyring. Fylkeskommunen er gitt utsett høyringsfrist for å handsama saka i fylkesutvalet.

Føremålet med områdereguleringsplanen er å leggje til rette for destinasjonsutvikling, friluftsliv, næring-, natur og kulturbasert områdebruk. Hegni ligg ca. 1 km sør for Hovden sentrum, sjå kart nedanfor. Området er svært verdifullt for mellom anna friluftsliv, folkehelse, arkeologi og interesser knytt til barn og unge. Området har verdi både for innbyggjarane i Bykle og for besøkande.



Kart 1: Kartet syner planområdet sin beliggenhet. Planområdet er markert med blått.

Høyring av to alternative planforslag sommaren 2024


Planforslag med to alternativ ble handsama i fylkesutvalet sommaren 2024. Fylkesutvalet gjorde følgande vedtak i møte 27.08.24:

Pkt.1 Fylkesutvalet er positiv til ein vidareutvikling av Hegni.

Pkt.2 Fylkesutvalet fremjar motsegn til campingplass o_C1 i alternativ 2 som er i konflikt med jernvinneanlegg kulturminne-ID 99066. Motsegna kan løysast dersom byggjeområde blir teke ut av planforslaget.

Pkt.3 Fylkesutvalet ber kommunen om å nyttiggjere seg av innspel i saksframstillinga.


Motsegna i punkt 2 var knytt til planforslag alternativ 2 som er synt nedanfor.



Kart 1: Kartet ovanfor syner plasseringa til føreslått campingplass som fylkeskommunen hadde motsegn til når planforslaget var på høyring sommaren 2024. Området for campingplass er vist med lilla farge i plankartet.

De viktigaste endringane ved revidert planforslag som nå er på høyring er:

- Det er foreslått eit nytt arealføremål der som campingplassen var plassert i førre høyring. Arealet er nå foreslått brukt til idrettsformål (klatrepark).
- Areal til campingplass (bubil-parkering) er flytta lengre sør. Området som no er foreslått til campingplass er avsett til fritids- og turistføremål (BFT4) i arealdelen til kommuneplanen.
- Areal til næring/tenesteyting har endra avgrensing. Det opnast for moglegheit til å bygge nye bygg. Arealet skal innehalde funksjonar som skal støtte opp om Hegni som eit rekreasjonsområde og ein destinasjon.
- Areal til offentlig eller privat tenesteyting (Bygdetun) er utvida mot nord og vest for å gi plass til planlagde kulturaktivitetar.
- Det er foreslått areal til friluftsområde i sjø og vassdrag i vatnet. Arealet kan nyttast til mellom anna badebøyer, badebrygge eller flytande badstue. Konkret plassering er ikkje bestemt.



Kart 2: Kartet ovanfor syner føreslått ny plassering av campingplass i planforslaget som nå er på høyring. I tillegg syner kartet plassering av føreslått klatrepark. Området for campingplass er vist med lilla farge, og klatreparken er vist med mørke grøn farge i plankartet.

Automatisk freda kulturminne innanfor planområde:

Innanfor planområdet er det to kjende jernframstillingsanlegg og 14 kolgroper. Alle kulturminna er knytt til produksjon av jern frå myrmalm i vikingtid og mellomalder.

Fire kolgroper er i konflikt med arealformål Offentleg eller privat tenesteyting (o_T jernvinnemuseet): kulturminne-ID 99265, 299160, 299161 og 299164.

Eit jernvinneanlegg og ei kolgrop er i konflikt med arealformåla Gang-/sykkelveg, køyreveg og Annan veggrunn – teknisk anlegg: kulturminne-ID 98951 og 226672.

Eit jernvinneanlegg som ligg innafør arealformål Andre idrettsanlegg – klatreparken kulturminne-ID 99066 er føreslått bevart.

Dei andre ni kolgropene er føreslått regulert til bevaring, merka med omsynssone H730 i plankartet.

Vurderingar

Fylkeskommunedirektøren er positiv til ein vidareutvikling av Hegni som friluft- og rekreasjonsområde for innbyggjarane og besøkande. Vidare er det positivt at kommunen ynskjer å leggje til rette for meir aktivitet knytt til Hovden jernvinnemuseum. Det er positivt til at tiltaka kan bidra til å styrke Hovden som heilårsdestinasjon.

Motsegn frå 27.08.24 er ikkje lenger aktuelt

Campingplassen som var føreslått i førre høyring, er flytta lengre sør. Dette er i tråd med vedtaket i fylkesutvalet 27.08.24, og fylkeskommunedirektøren meiner difor at motsegna kan trekkast.

Motsegn til Andre idrettsføremaal – klatrepark og varetaking av jernvinneanlegg kulturminne-ID 99066

Innanfor området ligg jernvinneanlegg med kulturminne-ID 99066 som skal takast vara på og nyttast til formidling saman med jernvinnemuseet.

Dette kulturminnet er godt bevart. Det har minst to fasar som begge er godt synlege, der den yngste tufta er grave delvis ned i ei eldre tuft. På grunn av at det er tydeleg fleire fasar med tufter over kvarandre, noko som er svært sjeldan på Hovden, har kulturminnet ein svært høg vitskapleg verdi. Kulturminnet ligg nært museet og rett ved turvegen, er tydeleg i terrenget, og har med det også ein svært høg pedagogisk verdi. På bakgrunn av dette og den nære plasseringa til jernvinnemuseet meiner me jernvinneanlegget representerer ein attraktiv og naturleg del av formidlinga av jernframstillinga på Hovden i jernalder og mellomalder.

Kulturhistorisk museum har gitt faglege råd om at ein klatrepark er eit framand element og at det vil vere med på å gjere den synslegen koplinga mellom jernvinna og området rundt ringare. Museet har erfaringar som syner at sjølv mindre avgrensa tiltak på sikt kan føre til auka slitasje på kulturmiljø og lokalitetar, og meiner at det her er ein reell fare for dette.

Kulturminnet er ein attraksjon i seg sjølv, og desse verdiane vil bli sterkt påverka dersom ein plasserer ein klatrepark oppå og rundt kulturminnet.

Fylkeskommunedirektøren meiner at planforslaget ikkje tek i vare forholdet til det automatisk freda kulturminne – jernvinneanlegget. Fylkeskommunedirektøren føreslår difor motsegn til Andre idrettsanlegg – klatrepark.

Vidare prosess når det gjeld andre automatisk freda kulturminne

Som nemnd ovanfor kjem planforslaga i konflikt med seks automatisk freda kulturminne, kor eit av dei er jernvinneanlegg med kulturminne-ID 99066 kor det er planlagt campingplass o_C1. Spørsmålet om motsegn må vere avklart før søknaden om dispensasjon frå den automatiske fredinga av dei andre kulturminna kan handsamast etter kulturminnelova § 8 fjerde ledd. Kommunen er informert om dette.

Dersom fylkesutvalet vel å ikkje reisa motsegn til planforslaget, så vil saka i samsvar med Forskrift om fastsetjing av styresmakt mv. etter kulturminnelova, underretningsplikta § 7, blir oversende til Riksantikvaren for vurdering om dei skal overta saka og reisa motsegn til planforslaget.

Særleg om klatrepark og campingplass i eit offentleg friområde

Kommunen skriv at etablering av eit kommersielt tilbod som klatrepark kan komme i konflikt med ålmenta sine interesser. Kommunen ynskjer innspel på om dette kan fungere på Hegni som ein del av høyringa. Vidare skriv kommunen at det er viktig at etablering av campingplass ikkje går ut over området sin funksjon som friluftsområde for ålmenta. Planforslaget opnar for etablering av inntil 20 plassar for bubilar innanfor campingføremalet. Kommunen meiner at det ikkje vil bli så dominerande at det vil vere i konflikt med de andre interessene i området.

Slik planforslaget er nå opnar det mellom anna opp etablering av bygg som kan nyttast til tenesteyting og næring, campingplass, klatrepark og badstue. Alle tiltaka vil vere kommersielle. Hegni er eit svært verdifullt friluft- og rekreasjonsområde for innbyggjarane og besøkande. Mange er oppteke av kva som skjer på Hegni, det så ein gjennom

engasjementet knytt til arbeidet med moglegheitsstudie som vart utarbeida våren 2021. Moglegheitsstudie ga råd om å ikkje etablere tradisjonell camping på området.

Fylkeskommunedirektøren har forståing for at det er ynskeleg å etablere nemnde tiltak på Hovden, og det vil kunne styrke området sin verdi som destinasjon.

Fylkeskommunedirektøren er derimot redd for at tiltaka samla sett vil kunne verke på kvaliteten til området, og redusere området sin verdi som friluft- og rekreasjonsområde. Kommunen bør vurdere kva di ynskjer for Hegni i den vidare planprosessen. Vi gir råd om at kommunen også vurderer plassering av nemnde tiltak i den vidare prosessen med revisjon av arealdelen til kommuneplanen.

Regionplan Agder 2030

Forslag til områdereguleringsplan angår ein rekke forhold som er omtalt i regionplan Agder 2030. Fylkeskommunedirektøren vil særleg syne til følgande hovudmål:

- *Det er attraktive og varierte bo- og arbeidsmarkeder i hele Agder.*
- *kultur, idrett og en unik kulturarv gjør Agder til en attraktiv region, som trekker et voksende antall besøkende fra inn- og utlandet*

Økonomiske konsekvensar

Planarbeidet gir ingen økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen.

Kristiansand, 03.02.2025

Tine Sundtoft
fylkeskommunedirektør

Kenneth Andresen
fylkesdirektør Analyse og plan